



# NOREGS HØGSTERETT

Den 2. mai 2019 sa Høgsterett samansett av dommarane Matningsdal, Matheson, Kallerud, Falch og Høgetveit Berg dom i

**HR-2019-831-A, (sak nr. 18-193963STR-HRET), straffesak, anke over dom:**

A (advokat Marius Oscar Dietrichson)

mot

Påtalemakta (statsadvokat Magne Nyborg)

## R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Høgetveit Berg**: Saka gjeld straffutmåling, særleg for eit grovt forsikringsbedrageri gjennom eldspåsetjing, jf. straffelova § 376, jf. § 375 fyrste ledd bokstav b.
- (2) Statsadvokaten i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane tiltalte A 17. juli 2017 for brot på: I. straffelova 1902 § 276, jf. § 275 fyrste, jf. andre ledd, og straffelova 2005 § 391, jf. § 392, jf. § 15, II. rekneskapslova § 8-5 fyrste ledd andre punktum, jf. § 3-2a, III. bokføringslova § 15 fyrste ledd fyrste punktum, jf. § 4, og straffelova 2005 § 393, jf. § 392, jf. bokføringslova § 15, jf. § 4, jf. straffelova 2005 § 15, IV. straffelova 2005 § 352 andre ledd, jf. § 351 fyrste ledd, jf. § 15 og V. straffelova 2005 § 376, jf. § 375 fyrste ledd, jf. § 15.
- (3) Grunnlaget for tiltalepostane IV og V – særleg grovt skadeverk og grovt forsikringsbedrageri – er skildra slik i grunnlaget for tiltalen:

**«IV ... Natt til torsdag 24. november 2016 i X anstiftet han brann i Y hotell eller medvirket til slik brannstiftelse ved å plassere ut tidsinnstilte branninnretninger slik at det oppstod brann natt til fredag 25. november 2016. Hotellets romfløy brant ned og det ble røyk- og vannskader i de øvrige deler av hotellet. ...**

V ... Til tid og på sted som nevnt i post IV forholdt han seg som der nærmere beskrevet for at AS Y Hotel, skulle få forsikringsoppgjør fra Gjensidige Forsikring ASA.»

- (4) I Sogn og Fjordane tingretts dom 18. oktober 2017 vart A dømt for tiltalepostane I og II – økonomisk utruskap og brot på rekneskapslovgjevinga. Han vart frifunnen for tiltalepost III – brot på bokføringslova. Han vart også frifunnen for tiltalepostane IV og V. Straffa vart sett til fengsel i eitt år. Påtalemakta anka frifinninga for postane IV og V. Gulating lagmannsrett tok anken til følgje i dom 30. oktober 2018, der domsslutninga punkt 1 lyder slik:
- «1. A, født 00.00.1983 dømmes for overtredelse av straffeloven (2005) § 352 annet ledd jf. § 351 første ledd og straffeloven (2005) § 376 jf. § 375 første ledd, sammenholdt med de forhold som er rettskraftig avgjort ved Sogn og Fjordane tingretts dom av 18. oktober 2017, til en straff av fengsel i 6 – seks – år og 6 – seks – måneder. Til fradrag tilkommer 341 dager for utholdt varetekt.»
- (5) A anka lagmannsrettens dom til Høgsterett. Anken var retta mot lagmannsrettens sakshandsaming, lovbruk – rett provkrav – og straffutmålinga. Ankeutvalet vedtok 4. februar 2019 at anken over sakshandsaminga og lovbruken ikkje skulle fremjast, medan anken over straffutmålinga vart fremja.
- (6) *Mitt syn på saka:*
- (7) Eg gjev fyrst ein kort oversikt over saksforholdet og As rolle ved skadeverket og forsikringsbedrageriet.
- (8) A er svensk statsborgar fødd i 1983. Han og svigerinna hans, B, kjøpte alle aksjane i AS Y Hotel i desember 2013. Kjøpesummen var fire millionar kroner. Den eine halvparten vart betalt før overtakinga av hotellet. For den andre halvparten var det avtalt seljarkreditt. Lagmannsretten har lagt til grunn at B ikkje var reell eigar av halvparten av aksjane, men at denne eigarposten tilhørde hennar ektemake C – som er As eldre bror. C var dagleg leiar. Lagmannsretten har også lagt til grunn at eigarforholda heller ikkje er i samsvar med korresponderande kapitaltilskot i form av den fyrste delen av kjøpesummen.
- (9) Y hotell vart vinterstengt 1. november 2016. Dei tilsette vart permitterte fram til planlagt gjenopning tre månader seinare. Natt til fredag 25. november 2016 brann hotellet. Brannen vart oppdaga av forbipasserande og vart varsla klokka 03:33. Då brannvesenet kom til staden eit kvarter seinare, var romfløya på hotellet overtent slik at brannvesenet valde å la denne fløya brenne ned og konsentrerte seg om å redde sidefløyene. Hotellet har ei brutto golvflate på nesten 4000 kvadratmeter. I brannskadeskjøn 28. april 2017 er gjenoppbyggingskostnaden sett til 93,7 millionar kroner, medan marknadsverdien før brannen vart sett til to millionar. Banken som panthavar har vurdert marknadsverdien før skaden som vesentleg høgare.
- (10) Tingretten fann C skuldig i tiltalen for grovt skadeverk og forsikringsbedrageri. I tingrettens dom heiter det at C «over lang tid, kanskje opp mot ett år, syslet med planer om å anstifte brann på hotellet i den hensikt å få utbetalt forsikringsoppgjør til å gjenreise et nytt hotell». Lagmannsretten fann det prova at A deltok «fullt ut» i planlegginga av, førebuingane til og gjennomføringa av eldspåsetjinga, saman med bror sin. Slik lagmannsrettens merknader er skrivne, er det likevel noko uklart om A hadde sysla med planar om å tenne på hotellet like lenge som bror sin. Lagmannsrettens dom, med

overdriven bruk av sitat frå tingrettens dom – der A vart frifunnen på dette punktet – gjer det utfordrande å sjå kva lagmannsretten sjølv har funne prova med omsyn til As rolle i den tidlege planleggingsfasen. Denne forma finn eg uheldig. Eg må difor leggje til grunn at han berre i den siste tida før eldspåsetjinga var med i den konkrete planlegginga av og førebuingane til lovbrotet.

- (11) For utmålinga av straffa tek eg utgangspunkt i at bedrageriet og skadeverket gjeld eit tilfelle av eldspåsetjing der gjenoppbyggingskostnaden er anslått til 93,7 millionar kroner eksklusiv meirverdiavgift.
- (12) Strafferamma for grovt forsikringsbedrageri er fengsel inntil seks år, jf. straffelova 2005 § 376. Når det gjeld straffenivået er det i Ot.prp. nr. 22 (2008–2009) side 466 uttalt at sjølv om regelen er bygd opp på ein annan måte enn straffelova 1902 § 272, var det ikkje meininga å justere nivået for dei alvorlegaste tilfella av forsikringsbedrageri.
- (13) Det ligg ikkje føre praksis frå Høgsterett knytt til eit så stort beløp som i saka her. Her som elles må straffa auke med større beløp, men ikkje lineært. Dette kan illustrerast gjennom Rt-2010-447, Rt-2015-1165 og Rt-2008-1213, der forsikringsbedrageri på ein million kroner, 5,6 millionar kroner og 8,6 millionar kroner førte til fengselsstraffer på høvesvis sju månader, eitt år og seks månader og to år og tre månader.
- (14) I Rt-2008-1473 vart det utmålt ei straff på seks års fengsel for grov utruskap på 99 millionar kroner. Om ein elles samanliknar høgsterettspraksis om grov utruskap med forsikringsbedrageri, kan det sjå ut til at fyrstnemnde blir straffa noko, men ikkje mykje, strengare enn sistnemnde. I Rt-2012-243 vart det utmålt ei fengselsstraff på mellom to år og seks månader og tre år for utruskap på 8,3 millionar kroner. I Rt-2008-1213 vart det derimot, som nemnd, utmålt ei fengselsstraff på to år og tre månader for forsikringsbedrageri på 8,6 millionar kroner.
- (15) I Rt-2013-1254 vart det utmålt ei straff på fengsel i fem år for fire tilfelle av grovt utruskap på samla over 20 millionar kroner og tre grove bedrageri for samla over 80 millionar kroner.
- (16) Eg ser ikkje grunn til å trekkje nokon endeleg konklusjon for straffutmålinga for forsikringsbedrageriet isolert, då det i denne saka heng nært saman med skadeverket.
- (17) Ved eldspåsetjinga har A i ei og same handling gjort fleire lovbrot. Den vanlege tilnærminga ved slik idealkonkurrens er å ta utgangspunkt i det grunnleggjande forholdet, og så skjerpe straffa sidan handlinga også blir ramma av andre straffebod, jf. til dømes Rt-2013-287 avsnitt 11 og Rt-2014-637 avsnitt 14. Det må etter mitt syn vera rett også her – skadeverket inngår direkte som ei skildring av forsikringsbedrageri, sjå straffelova 2005 § 375 fyrste ledd bokstav b.
- (18) Sjølv om det kan vera noko uklart kor tidleg A kom inn i førebuingane til eldspåsetjinga, jf. over, er det under alle omstende skjerpande at lovbrota vart gjort saman med ein annan og var planlagt og gjennomført over tid.
- (19) Samla meiner eg at straffa for det grove forsikringsbedrageriet og det særleg grove skadeverket passande kan setjast til fengsel i seks år.

- (20) I tillegg kjem dei forholda A er dømt til fengsel i eitt år for i tingretten. Straffutmålinga for desse forholda er ikkje anka.
- (21) Etter dette meiner eg at den samla straffa kan setjast til fengsel i seks år og seks månader, jf. straffelova § 79 fyrste ledd bokstav a. Anken må etter dette forkastast.
- (22) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

Anken blir forkasta.

- (23) Dommer **Falch:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (24) Dommer **Matheson:** Likeså.
- (25) Dommer **Kallerud:** Likeså.
- (26) Dommer **Matningsdal:** Likeså.
- (27) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

Anken blir forkasta.